



Innlandet
fylkeskommune

Samfunnsutvikling - Klima, miljø og naturmangfold

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Deres ref:
202609565-2

Vår ref:
2026/11699-4
Ane Dorthea Lundberg Nordlie

Dato:
02.06.2026

Høringsfråsegn - Søknad om løyve til midlertidig fråvik frå manøvreringsreglementet ved Tyin - Tyin kraftverk i Årdal kommune - Vestland fylke

Bakgrunn

Vi viser til førespurnad motteken 11. mai. Hydro Energi søker om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet ved Tyin for Tyin kraftverk. Det er søkt om tapping under LRV og fråvik frå minstevassføring, noko som er planlagt til perioden 1. mars 2027 – 17. april 2027. I perioden Tyinmagasinet er tappa ned vil det sleppast ei minstevassføring på 0,3 m3/s før 1. mars og etter 17. april. I perioden 1. mars - 17. april skal det pumpast 150 l/s over dammen for å sikre vassføring i bekken mot Torolmen. Det er oppgitt at eit fråvik kan resultere i mellombels redusert vekst hos aure på grunn av redusert næringstilgang.

Innlandet fylkeskommune si tilbakemelding

Som det blir påpeikt i høyringsbrevet, kan ein senking vere negativt for aure på grunn av redusert produksjon av vasslevande insekt, og dermed redusert næringstilgang. Dette er så klart uheldig, og kan resultere i auka konkurranse mellom aure i vatnet, samt mellom aure og ørekyt. Innlandet fylkeskommune meiner difor det er viktig at tiltakshavar strevar etter å gjennomføre tiltaket så fort som mogleg, og at det bør gjerast ei vurdering av behov for oppfølgande undersøkingar. Vidare meiner vi det er svært viktig at nedtapping av magasinet skjer gradvis, slik at fisk ikkje strandar på grunna. Det er viktig at vasstand er tilbake til tilnærma normalt nivå før gytevandringa startar på hausten.

Mellombels fråvik vil kunne vere negativt for fisk nedstraums Tyinmagasinet. Ettersom vatnet drenerer til Vestland viser vi her til eventuelt innspel frå Vestland fylkeskommune.

Med vennleg helsing

Arne Magnus Hekne
Seksjonssjef - Klima, miljø og naturmangfold

Ane Dorthea Lundberg Nordlie
Rådgivar

Postadresse:
Postboks 4404
Bedriftssenteret
2325 Hamar

Besøksadresse:
Innlandet fylkeskommune
Parkgata 64
Hamar

Telefon: +47 62 00 08 80
E-post: post@innlandetfylke.no
Internett: www.innlandetfylke.no
Org.nr.: 920717152

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

STATSFORVALTEREN I INNLANDET

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

VANG KOMMUNE